



Arkivnr: 2014/14001-29
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Budsjett 2015 - rebudsjettering av 10 mill.kr. for fylkesvegane

Samandrag

Fylkestinget har i sak 48/13 vedteke at fylkesrådmannen har fullmakt til å disponera avsett sum til rebudsjettering på investeringsbudsjettet for fylkesvegane. Siktemålet med fullmakta er å unngå at fylkestinget må ta stilling til ei rekkje budsjettendringar av mindre prosjekt. Sum til rebudsjettering på investeringsbudsjettet for fylkesvegane er på 10 mill. kr. i 2015.

Årsrapporten for fylkesvegar i Hordaland viser at behovet for rebudsjettering er større enn dei 10 mill. kr. Statens vegvesen har meldt i frå om at mange prosjekt i 2014 hadde eit mindreforbruk som følgje av forseinka framdrift. Fylkesrådmannen vil likevel ikkje auke rebudsjetteringsposten på noverande tidspunkt.

Vedtak

Fylkesrådmannen disponerer avsett sum på 10 mill.kr. til rebudsjettering innanfor programområdetiltaka i Hordaland (utanom Bergen) slik det går fram av tabellen i saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.03.2015

Fylkestinget har i sak 48/13 vedteke at fylkesrådmannen har fullmakt til å disponera avsett sum til rebudsjettering på investeringsbudsjettet for fylkesvegane. Siktemålet med fullmakta er å unngå at fylkestinget må ta stilling til ei rekkje budsjettendringar av mindre prosjekt. Sum til rebudsjettering på investeringsbudsjettet for fylkesvegane er på 10 mill. kr. i 2015.

Årsrapporten for fylkesvegar i Hordaland viser at behovet for rebudsjettering er større enn dei 10 mill. kr. Statens vegvesen har meldt i frå om at mange prosjekt i 2014 hadde eit mindreforbruk som følgje av forseinka framdrift. Fylkesrådmannen vil likevel ikkje auke rebudsjetteringsposten på noverande tidspunkt.

Statens vegvesen har meldt frå om at det er naudsynt å rebudsjettera midlar innanfor programområdetiltaka i plan- og byggeprogrammet for Hordaland (utanom Bergen). For programområde i Hordaland (utanom Bergen) disponerer fylkesrådmannen rebudsjetteringsposten slik:

Hordaland (utanom Bergen):

- Trafikksikkerheitstiltak 7,3 mill. kr
- Miljøtiltak med 0,25 mill. kr
- Standardhevingstiltak 2,45 mill. kr

Budsjettposten på 10 mill. kr. vert fordelt til følgjande prosjekt:

Programområde	Prosjektnr	Prosjekt	Rebudsjettering (i mill. kr)
Standardheving	304770	Rekkverk fv standardheving	2 450
Trafikksikring		Diverse rekkverk TS	4 900
Trafikksikring	304568	Sikring fotgjengere u/Bergen (Askøy/Fjell)	2 400
Miljøtiltak	304095	Mundheim rasteplass	250
Totalt rebudsjettering			10 000